



ODDA KOMMUNE



Hardanger



Hordaland fylkeskommune
Skyss
Postboks 7900

5020 BERGEN

Hordaland Fylkeskommune

15 APR 2014

Dykkar ref. Arkivsakid-doknr: 2014000372-1
Journalpostid: 2014005485

Saksh: Arkivkode
Telefon: 53 65 46 64

Dato:
11.04.2014

Kollektivstrategi for Hordaland - Merknader frå Odda kommune

Odda kommune vil gje følgjande merknader til mottatt høyringsutkast for Kollektivstrategi for Hordaland.

- Pkt 4. Enkle reiser: Odda kommune er med si plassering sør og aust i Hordaland avhengig av kollektivtilbodet som går over fylkesgrensene til Rogaland og Telemark. Dette inneber reiser som vert utført av Skyss, Kolumbus og Nor-Way Bussekspress. For slike reiser er kravet til enkle reiser på ingen måte innfridd. Vi ser heller ikkje av dokumentet at det vert planlagt tiltak for å betra dette. Odda kommune sine innbyggjarar nyttar i dag mange offentlege og private tenester i Haugesund og på Haugalandet. Reiser over fylkesgrenser er i dag komplisert både kva gjeld «enkelt å finna relevant informasjon om reisa» «enkelt å velja riktig billett og betala for denne» og «kvaliteten på knutepunkt og haldeplassar». Odda kommune ber om at Skyss tar initiativ overfor samarbeidande kollektivselskap/operatørar som Kolumbus og Nor-Way Bussekspress for å betra kvalitet og rammer for fylkesgrensekryssande reiser. Dette gjeld i tillegg til dei ovanfor nemnde moment også auka bruka av gjennomgåande bussar på naturlege hovudstrekningar.
- «Betre kvalitet på knutepunkt og haldeplassar». For Odda kommune er det særskilt 2 knutepunkt/terminalar som det er viktig å ha fokus på:
 - Odda busstasjon. Denne bussterminal er aktuell å flytta frå dagens plassering ved kaien i Odda til nytt område inne på den gamle Smelteverkstomta og i umiddelbar nærleik til krysset mellom Fv 550 og Rv 13.
 - Seljestad vektstasjon. Dette området har i fleire tiår fungert som knutepunkt/omstigningspunkt for reiser som inkluderer Skyss, Kolumbus (sør for Etne) og Nor-Way Bussekspress. Odda kommune ønskjer at dette knutepunkt vert oppgradert til ein terminal med venteromsfunksjon og toalett. Det har i denne samanheng vore vurdert andre plasseringar i området.

Eit levande kraftsenter

Odda kommune

Telefaks: 53 65 46 01
Opheimsgata 31

5750 ODDA

Org.nr: 964 967 814
Bankgiro: 3201.50.24584
Innbetaling skatt: 6345.06.12288

Telefon: 53 65 40 00


Telefaks: 53 65 40 51

Epost: epost@odda.kommune.no

www.odda.kommune.no

For begge desse sakene ønskjer Odda kommune at Skyss vert ein aktiv medspelar i planprosessane slik at gode og tenlege løysingar kan koma på plass.

Venleg helsing
For Odda kommune


Jostein Eitrheim
Teknisk sjef